



Politisk delegeringsreglement

Selje kommune



Innhold

1 GENERELT OM DELEGERING.....	4
1.1 Kommunestyret.....	4
1.2 Formannskapet.....	4
1.3 Ordfører.....	4
1.4 Faste utval	4
1.5 Rådmannen	4
1.6 Administrasjonen	4
1.7 Kommunalt føretak	4
2 GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE	5
2.1 Retningslinjer.....	5
2.2 Kommunestyret sitt tilsynsansvar	5
2.3 Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde.....	5
2.4 Tilbakekalling av delegert mynde i einskildsaker	5
2.5 Omgjeringsrett	5
3 DELEGERING TIL ORDFØRAREN	5
4 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET	6
4.1 Generelt mynde til formannskapet	6
4.1.1 Delegering etter særlov.....	6
4.1.2 Budsjettskynde	6
4.1.3 Arbeidsgjevarfunksjonen.....	6
4.1.4 Hastekompetanse.....	6
4.5 Klageorgan.....	7
4.2 Delegert mynde for helse og omsorgsforvaltning.....	7
4.2.1 Delegering etter særlov.....	7
4.2.2 Hastekompetanse.....	8
4.3 Delegert mynde for oppvekst og kulturforvaltning.....	8
4.3.1 Delegering etter særlov.....	8
4.3.2 Hastekompetanse.....	9
4.4 Delegert mynde for teknisk- og samfunnsforvaltning.....	9
4.4.1 Delegering	9
4.4.2 Hastekompetanse.....	11
5 DELEGERING TIL ADMINISTRASJONSUTVALET	11
5.1 Delegering	11
6 DELEGERING TIL VALSTYRET.....	11

7 DELEGERING TIL RÅDMANNEN	12
7.1 Delegering i personalsaker	12
7.2 Delegering i økonomisaker	12
7.3 Delegering etter særlov	12
8 DELEGERING TIL SKATTEOPPKREVJAREN	16



1 GENERELT OM DELEGERING

Kommunelova gjev følgjande høve til delegering:

1.1 Kommunestyret

Kommunestyret er øvste kommunale organ i Selje kommune. Det gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak, jf. kommunelova § 6.

1.2 Formannskapet

Kommunestyret kan gje formannskapet avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov, jf. kommunelova § 8 nr. 3. Kommunestyret kan gje formannskapet mynde til å opprette og avvikle stillingar og til å avgjere personalsaker, jf. kommunelova § 24 nr. 1.

1.3 Ordførar

Kommunestyret kan gje ordførar mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jf. kommunelova § 9 nr. 5.

1.4 Faste utval

Kommunestyret kan gje faste utval avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna følgjer av lov, jf. kommunelova § 10 nr. 2. Kommunestyret kan gje utval mynde til å opprette og avvikle stillingar og til å avgjere personalsaker, jf. kommunelova § 24 nr 1.

1.5 Rådmannen

Eitkvart kommunalt folkevalt organ kan gje rådmannen mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell karakter, så lenge kommunestyret ikkje har bestemt noko anna, jf. kommunelova § 23 nr. 4. Kommunestyret kan gje rådmannen mynde til å opprette og avvikle stillingar og til å avgjere personalsaker, jf. kommunelova § 24 nr 1.

1.6 Administrasjonen

Rådmannen kan delegere vidare internt i administrasjonen, så lenge vedkomande kommunalt folkevalt organ ikkje har bestemt noko anna.

1.7 Kommunalt føretak

Eit kommunalt føretak er ikkje ein eigen juridisk person, men er ein del av kommunen, jf. kommunelova § 61 andre punktum. Det følgjer vidare av reglene om kommunale føretak at

kommunelova gjelde med mindre noko anna er særskilt bestemt. Mynde til kommunale føretak skal gå fram av vedtektene, og ikkje gjennom delegeringsvedtak.

2 GENERELLE REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

2.1 Retningslinjer

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningslinjer gjevne av det overordna/delegerande organ, innanfor rammer og føresetnader i budsjett og overordna planar.

2.2 Kommunestyret sitt tilsynsansvar

Kommunestyret har det overordna tilsynet med den kommunale forvaltninga, og kan krevje ei kvar sak lagt framfor seg til orientering eller avgjerd, jf. kommunelova § 76.

2.3 Rett til å unnlate å gjere bruk av delegert mynde

Det organ/den tilsette som har fått delegert/vidaredelegert myndigheit, kan i heilt spesielle saker overlate til eit overordna organ/rådmannen å gjere vedtak i saka. Dette må likevel ikkje skje så ofte/på ein slik måte at delegeringsvedtaket/reglementet vert gjort illusoriske.

2.4 Tilbakekalling av delegert mynde i einskildsaker

Det delegerande (overordna) organ kan når som helst krevje å få seg førelagt til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonen har til handsaming i medhald av delegert myndigheit. Tilsvarande rett har rådmannen vedk. saker som han/ho har vidaredelegert til andre i administrasjonen.

2.5 Omgjeringsrett

Det delegerande /eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak gjort av eit underordna organ/administrasjonen i medhald av delegert mynde når vilkåra for dette ligg føre/er oppfylte etter forvaltningslova § 35 - uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak eller ikkje. Tilsvarande rett har rådmannen vedk. vedtak gjort i medhald av vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.

3 DELEGERING TIL ORDFØRAREN

Ordføraren får fullmakt til å gjere vedtak i medhald av kommunelova § 9 nr 5. i enkeltsaker utan prinsipiell betydning og å avgjere hastesaker etter kommunelova §13 der det ut frå tidsomsyn er tvingande å få avgjort saka. Ordføraren har også fullmakt til å fremje eigne saker og innstille til utvala. Dette gjeld saker av politisk karakter.

4 DELEGERING TIL FORMANNSKAPET

4.1 Generelt mynde til formannskapet

4.1.1 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til formannskapet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunen har slik mynde, og såframt avgjerdsmynde ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement, jf. kommunelova § 8 nr. 3:

[Eigedomsskattelova](#) - avgjere einskildsaker om skattefritak for bustadeigedomar (§ 7 c)

[Forsøkslova](#) - forsøkslova § 5 andre ledd andre punktum (mindre endringar og tillegg til tidlegare vedtak).

[Kommunelova](#) - kommunelova § 6 jf. kommunelova § 8

Unnateke:

- Saker der mynde er delegert til eit fast utval eller andre, gjennom delegasjonsvedtak eller reglement.
- Større prinsipielle avgjersler.

[Plan- og bygningslova](#) - Plan- og bygningslova kapittel 10 og 11 (overordna planlegging)

4.1.2 Budsjettmynde

Formannskapet utarbeider framlegg til økonomiplan og årsbudsjett, jf. kommunelova §§ 44 og 45. Formannskapet sitt mynde i budsjettsaker går fram av økonomireglementet.

4.1.3 Arbeidsgjevarfunksjonen

Formannskapet får mynde til å oppnemne eit forhandlingsutval som gjennomfører og godkjenner forhandlingar om løn til rådmannen, jf. HTA kap 3.4.1.

4.1.4 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til formannskapet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 13. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

4.5 Klageorgan

Formannskapet er kommunen sitt klageorgan i enkeltvedtak gjort i medhald av forvaltningslova § 28.

4.2 Delegert mynde for helse og omsorgsforvaltning

4.2.1 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til formannskapet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde. Delegasjonen gjeld såframt mynde ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf. kommunelova §10.2.

[Adopsjonslova](#)

[Alkohollova](#) -Kommunestyret vedtek sjølv ruspolitisk handlingsplan jf §1-7d

[Folkehelselova](#)

[Gravferdslova](#)

[Husbanklova](#) - Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sine retningslinjer for vidare utlån av startlån.

[Husleigelova](#) - avgjerdsmynde etter husleigelova § 11-1 om bustader for vanskelegstilte

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Krisesenterlova](#)

[Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen.\(NAV-lova\)](#)

[Pasient- og brukarrettighetslova](#)

[Psykisk helsevernlova](#)

[Serveringslova](#)

[Sosialtenestelova](#)

[Smittevernlova](#) - Unnateke frå delegering er mynde som direkte ligg til smittevernlege i medhald av smittevernlova.

[Tobakkskadelova](#)

4.2.2 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til formannskapet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er 8 tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 13. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

4.3 Delegert mynde for oppvekst og kulturforvaltning

4.3.1 Delegering etter særlov

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde til formannskapet etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde. Delegasjonen gjeld såframt mynde ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf. kommunelova §10.2.

[Barnehagelova](#)

Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sitt til ei kvar tid gjeldande vedtak om samordna opptak til barnehageplass. Unnateke frå delegering er barnehagelova § 7 fjerde ledd for kommunale barnehagar.

[Barnevernlova](#)

[Barnelova](#)

[Folkebiblioteklova](#)

[Introduksjonslova](#)

[Opplæringslova](#)

Unnateke frå delegering er:

- § 2-1 femte ledd om offentlig påtale for fråvær frå undervisning
- § 2-2 andre ledd og § 2-3 første ledd om forskrift om undervisningstid, og bruk av undervisningstid utover minstetal i forskrift
- § 2-5 første ledd om målform i skulen
- § 2-9 ordensreglement
- § 8-1 første ledd andre punktum – forskrift om sal av skule
- § 13-7 om skulefritidsordning

4.3.2 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til oppvekst- og kulturutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 13. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

4.4 Delegert mynde for teknisk- og samfunnsforvaltning

4.4.1 Delegering

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde etter følgjande lover med dei til ei kvar tid tilhøyrande forskrifter og vedtekter så langt kommunestyret har slik mynde, og såframt mynde ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement jf. kommunelova §10.2:

[Akvakulturlova](#)

[Brann- og eksplosjonsvernlova](#) - Unnateke frå delegering er mynde som er delegert direkte til brannsjefen, dessutan fastsetjing av gebyrregulativ etter § 28.

[Eigarseksjonslova](#) - Unnateke frå delegering er mynde etter eigarseksjonslova § 7 femte ledd, om fastsetting av gebyr.

[Forureiningslova](#)

[Forpaktingslova](#) - Unnateke frå delegering er mynde etter forpaktingslova § 11, om skjønn ved tiltreding og fråtreding

[Friluftsløva](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld friluftsområda og friluftslivet i kommunen.

[Jordlova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Konsesjonslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen.

[Kulturminneløva](#)

[Laksefisk og innlandsfisk m.m.](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld fiskeinteresser og friluftsliv i kommunen.

[Matrikkellova](#) - Unnateke frå delegering er fastsetting av gebyrregulativ, jf. matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta kapittel 5.

[Motorferdsel i utmark](#)

[Naturmangfaldslova](#)

[Naturskadelova](#) - § 20 plikt til å ta forholdsreglar mot naturskader

[Odelslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen.

[Plan- og bygningslova](#) - Kapittel 12-33 (reguleringsplan, gjennomføring, byggesaksdel, ulovlegheitsoppfølging)

[Skogbrukslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld skoginteressene i kommunen.

[Stadnamn](#) - § 5 andre ledd om skrivemåten av offisiell adresse.

[Veglova](#)

Unnateke frå delegering:

- § 5 vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg
- § 6 vedtak om bygging av kommunal veg
- § 7 vedtak om nedlegging av kommunal veg

[Vegtrafikklova](#)

- § 5 om oppsetting av forbodsskilt 366 og 368 i områder med berre kommunale vegar, jf. skiltforskrifta § 26 nr 2 andre ledd.
- § 5 om oppsetting av fareskilt, serviceskilt, vegvisningsskilt, og opplysningsskilt jf. skiltforskrifta § 12.
- § 5 om å sette lågare fartsgrense enn det som følgjer av vegtrafikklova § 6 andre ledd, jf. skiltforskrift § 26 nr. 1 andre ledd.
- § 6 om midlertidig å sette lågare fartsgrense enn den som elles gjeld ved arbeid på veg, jf. skiltforskrifta § 26 nr 1 fjerde ledd.
- § 6 andre ledd om å avgjere om eit område skal reknast som tettbygd strøk, og å fastsette grense for det tettbygde strøket, jf. skiltforskrifta § 26 nr 2.

- § 7 andre ledd om å treffe mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk eller om anna regulering av trafikk på kommunal veg dersom tilhøve på vegen eller i omgjevnadane, arbeid på vegen eller vegen son tilstand tilseier dette.

[Viltlova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld viltinteresser og friluftsliv i kommunen.

4.4.2 Hastekompetanse

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til teknisk- og samfunnsutvalet i saker som skulle ha vore avgjort av anna organ, når det er naudsynt at vedtak vert gjort så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til møte, jf. kommunelova § 13. Melding om vedtak gjort i medhald av denne paragrafen skal leggjast fram for kommunestyret i neste møte.

5 DELEGERING TIL ADMINISTRASJONSUTVALET

Administrasjonsutvalet har, jf. kommunelova § 25, ansvar for handsaming av saker som gjeld tilhøve mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Formannskapet i Selje representerer arbeidsgjevar i administrasjonsutvalet.

5.1 Delegering

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til administrasjonsutvalet i saker som gjeld:

- Generelle personalpolitiske retningsliner og reglement
- Dispensasjonar frå retningsliner og reglement
- Å avgjere usemje om tolking av retningsliner og reglement
- Prinsippsaker som gjeld diskriminering- og likestillingsspørsmål, jf. [likestillingslova](#) og [diskrimineringslova](#).

Dette gjeld i den utstrekning mynde ikkje er delegert til andre gjennom organ gjennom vedtak eller reglement.

6 DELEGERING TIL VALSTYRET

Kommunestyret delegerer sitt avgjerdsmynde til valstyret i saker som gjeld:

[Vallova](#) - § 4-2 og § 9-3.

I Selje kommune er formannskapet valstyre.

7 DELEGERING TIL RÅDMANNEN

I medhald av kommunelova § 23 nr. 4 vert rådmannen delegert mynde til å treffe avgjerd på kommunen sine vegne etter følgjande lover med tilhøyrande forskrifter og vedtekter. Mynde gjeld i enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betyding så langt kommunen har slik mynde, og såframt avgjerdsmynde ikkje ligg til kommunestyret i medhald av lov, forskrift eller reglement.

Rådmannen har fullmakt til å innstille i saker som skal handsamast i faste utval og formannskap. I regelen er det formannskap og utval som innstiller til kommunestyret.

7.1 Delegering i personalsaker

Kommunestyret delegerer mynde til å opprette og avvikle stillingar innanfor vedtekne budsjетtrammer til rådmannen, jf. kommunelova § 24 nr 1. Med heimel i kommunelova §23 nr 1 og 24 nr 4 har rådmannen fullmakt til å tilsetje i alle stillingar.

Rådmannen har mynde til å gjennomføre og godkjenne alle avtalar og lønsforhandlingar på arbeidsgjevar sine vegne.

Kommunestyret gjev rådmannen mynde til å avgjere alle personalsaker som ikkje er av prinsipiell karakter. Rådmannen tek avgjerd innanfor dei retningslinjer som kommunestyret eller administrasjonsutvalet har vedteke i medhald av kommunelova § 25.

7.2 Delegering i økonomisaker

Rådmannen sine fullmakter går fram av økonomireglementet.

7.3 Delegering etter særlov

Adopsjonslova

Alkohollova

Unnateke er:

- Vedtak om ruspolitisk handlingsplan jf. § 1-7d
- Vedtak om tildeling av ordinært sals- og skjenkeløyve
- Vedtak om inndraging av sals- og skjenkebevilling, jf. § 1-8, likevel slik at vedtak om inndraging av bevilling inntil attestert omsetningsoppgåve for bevillingsgebyr er levert, samt vedtak om inndraging av bevilling inntil ilagd bevillingsgebyr er betalt, kan fattast av rådmannen.

- Vedtak om bevilling til AS Vinmonopolet, jf. § 3-1 første ledd, og godkjenning av utsalsstadane si lokalisering, jf. § 3-3. Rådmannen kan berre avgjere enkeltsaker eller typar av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

[Barnehagelova](#) - Mynde må utøvast i medhald av gjeldande reglar om samordna opptak til barnehageplass. Kommunestyret innehar mynde etter barnehagelova § 7 fjerde ledd for kommunale barnehagar.

[Barnevernlova](#)

[Barnelova](#)

[Brann- og eksplosjonsvernlova](#) - Unnateke frå delegering er mynde som er delegert direkte til brannsjefen, dessutan fastsetjing av gebyrregulativ etter § 28.

Eigarseksjonslova - Unnateke frå delegering er mynde etter eigarseksjonslova § 7 femte ledd om fastsetting av gebyr.

[Film og videogramlova](#) - §2

[Folkehelselova](#)

[Forpaktingslova](#) - Unnateke frå delegering er mynde etter forpaktingslova § 11 om skjønn

[Forureiningslova](#)

[Friluftsløva](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld friluftsområda og friluftslivet i kommunen.

[Grannelova](#) - Fullmakt til å opptre på kommunen sine vegner i nabolihøve

[Gravferdslova](#) - § 9 tredje, fjerde og 5. ledd

[Helse og omsorgstenestelova](#)

[Husbandlova](#) - Mynde må utøvast i samsvar med kommunestyret sine retningslinjer for vidare utlån av startlån.

[Husleigelova](#) - avgjerdsmynde etter husleigelova § 11-1 om bustader for vanskelegstilte

[Introduksjonslova](#)

[Jordlova](#) Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen

[Kommunelova](#) - Fullmakt til å avgjere enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betydning, dersom ikkje kommunestyret har bestemt noko anna jf. § 23 fjerde ledd. Rådmannen treff avgjerd om vidare delegering av mynde til administrasjonen.

[Konsesjonslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen.

[Konkurslova](#) - Fullmakt til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming og å stille nødvendig garanti for konkurshandsaminga.

[Laksefisk og innlandsfisk m.m.](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld fiskeinteresser og friluftsliv i kommunen.

[Matrikkellova](#) - Unnateke frå delegering er mynde til å fastsette gebyrregulativ jf. matrikkellova § 32 og matrikkelforskrifta kapittel 5.

[Motorferdsel i utmark](#) - Unnateke frå delegering er mynde etter forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag § 6.

[Naturmangfaldslova](#)

[Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen.\(NAV-lova\)](#)

[Odelslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld jordviddene i kommunen.

[Opplæringslova](#)

Unnateke frå delegering er:

- § 2-2 andre ledd og § 2-3 første ledd om forskrift om undervisningstid, og bruk av undervisningstid utover minstetal i forskrift
- § 2-5 første ledd om målform i skulen
- § 8-1 første ledd andre punktum – forskrift om val av skule
- § 13-7 om skulefritidsordning

[Pasient- og brukarrettigheitslova](#)

[Plan- og bygningslova](#) - Rådmannen kan avgjere enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell karakter jf. kommunelova § 23 nr 4.

[Serveringslova](#)

[Skogbrukslova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld skoginteressene i kommunen.

[Smittevernlova](#) - Unnateke frå delegering er mynde som direkte ligg til smittevernlegen iht. Smittevernlova.

[Sosialtenestelova](#) - Rådmannen har fullmakt til å avgjere enkeltsaker eller typer av saker som ikkje er av prinsipiell karakter

[Lov om sosiale tenester i arbeids og velferdsforvaltninga](#) - Rådmannen har fullmakt til å avgjere enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

[Straffelova](#) - mynde til å «begjære» offentlig påtale etter straffelova § 79 femte ledd, med dei avgrensingar som følgjer av straffelova § 79 femte ledd fjerde punktum. Delegeringa omfattar berre dei tilfelle der offentlig påtale er betinga av begjæring frå kommunen som fornærma, dvs. betinga offentlig påtale.

[Tobakkskadelova](#)

[Tvistelova](#)

[Veglova](#)

Unnateke frå delegering:

- § 5 vedtak om å ta opp privat veg som kommunal veg
- § 6 vedtak om bygging av kommunal veg
- § 7 vedtak om nedlegging av kommunal veg

[Vegtrafikklova](#)

- § 5 om oppsetting av fareskilt, serviceskilt, vegvisarsskilt, og opplysningsskilt jf. skiltforskrifta § 12.
- § 6 om midlertidig å sette lågare fartsgrense enn den som elles gjeld ved arbeid på veg, jf. skiltforskrifta § 26 nr 1 fjerde ledd.
- § 7 andre ledd om å treffe mellombelse vedtak om forbod mot all trafikk eller om anna regulering av trafikk på kommunal veg dersom tilhøve på vegen eller i omgjevnadane, arbeid på vegen eller vegen sin tilstand tilseier dette, med dei til ein kvar tid gjeldande forskrifter og endringar i lov, til rådmannen.

[Viltlova](#) - Kommunestyret vedtek sjølv overordna planar som gjeld viltinteresser og friluftsliv i kommunen.

8 DELEGERING TIL SKATTEOPPKREVJAREN

Skatteoppkrevjarinstruksen

Økonomisjefen/skatteoppkrevjaren får generell fullmakt til å anmelde til påtalemakta innan skattebetalingsområdet, jf § 5,2. avsnitt i Instruks for meldingar til påtalemyndighet av brot på skattebetalingsområdet av 09.05.1997.